

**REFERAT FRÅ SEMINARET:
ETABLERING AV NASJONALT MUSEUMSNETTVERK FOR
KULTURLANDSKAP**

10-11. juni på De Heibergske Samlinger - Sogn Folkemuseum, Kaupanger



INNHALD

| | |
|--|----|
| Oppsummering | 3 |
| I. Innleiande føredrag | 4 |
| II. Presentasjon av dei deltakande musea | 4 |
| III. Forventningar til nettverket | 9 |
| IV. Faglege føredrag | 10 |
| V. Ekskursjon | 11 |
| VI. Diskusjon og vidare arbeid | 11 |

Oppsummering

Den første samlinga for kulturlandskapsnettverket samla 32 deltakarar frå 25 institusjonar i 2 dagar på De Heiberske Samlinger – Sogn Folkemuseum på Kaupanger. Seminaret hadde ei blanding av faglege innlegg, presentasjon av utfordringar og forventningar frå dei deltakande musea, og diskusjon om innhald og struktur på kulturlandskapsnettverket. Definisjon av kulturlandskapsomgrepet var eit sentralt tema. Seminaret vart avslutta med å velja ei arbeidsgruppe som skal lage eit framlegg til handlingsplan for nettverket som ei førebuing neste nettverkssamling hausten 2004.

TORSDAG 10. JUNI

I. Innleiande føredrag

1.1. Velkomen ved museumsdirektør Aage Engesæter, De Heiberske Samlinger – Sogn Folkemuseum.

- I løpet av dette seminaret treng me å snevre inn kulturlandskapsomgrepet, og finne grenser og relasjonar til andre nettverk.

1.2. Museumsnettverket sin funksjon, sett frå ABM-utvikling sin synsstad ved rådgjevar Morten Skadsem, ABM-utvikling.

Gjennomgang av ABM-utvikling sine forventningar til nettverk generelt.

- Museumsreforma er bakgrunnen for nettverket. Det finst ikkje driftsmidlar til nettverk, men musea bør vere merksame på prosjektmidlar som har søknadsfrist 15. november. ABM-utvikling håpar på gode søknader frå nettverka.
- ABMU føreset at konsoliderte museum bidar aktivt i nettverket. Dei som deltek skal bidra til utvikling og drift av nettverket.
- Nettverka skal vere eit verkty for å utvikle betre museum, og til å utvikle musea som samfunnsaktørar.
- Nettverket bør utarbeide målsetjingar og arbeidsplanar. Det bør vere fagfokusert.
- Nettverket bør sikre kontakt med nordiske og internasjonale nettverk/miljø.

- ABM-utvikling har ansvar for samlingar for hovudansvarlege i museumsnettverka.
- Kulturlandskapsnettverket vil kunneha kontaktpunkt med byggnettverket, handverksnettverket og eit eventuelt landbruksnettverket. Nettverka må klargjere grenseoppgangar og arbeidsfordeling.
- Gjennomgang av hovudutfordringar i museumssektoren og mogelege framtidige nettverk.
- Kulturlandskapsnettverket bør diskutere om det gamle jordbrukslandskapet sitt kulturlandskap er for snevert for nettverket. Kva med gruve- og bergverkslandskapa og kystlandskapa ?
- Den danske *Landbrukspuljen* har ei inndeling som ein kan sjå på i samband med organisering.

1.3. Kulturlandskapet – biologiske og kulturelle kulturminne ved førsteamanuensis Leif Hauge, Høgskulen i Sogn og Fjordane.

Lysbildekåseri om det gamle jordbruket sitt kulturlandskap i Sogn og Fjordane, sjå vedlegg 1.

II. Presentasjon av dei deltakande musea

Faglege utfordringar og problemstillingar knytt til kulturlandskapet. Forventningar til nasjonalt nettverk for kulturlandskap.

2.1. Valdres folkemuseum v/Björg Søndrol Silberg

- Har stølsdrift som satsingsområde. Utstillingar og formidling av stølshus og stølskultur.
- Attgroing av utmark viktig problemstilling.
- Har delteke i forprosjekt om historisk beitepress (prosjekt *Levande stølar*). Museet har lyst å halde fram med kulturlandskapsprosjekt.

2.2. Baroniet Rosendal v/Margunn Eik

- Hage og kulturlandskap har vore satsingsfelt lenge.
- Renaissancehage frå 1660, landskapspark og urtehage frå 1850, Rosendal avlsgard frå 1850 med 100 sauer, 100 daa innmark i tillegg til utmark.
- Baroniet Rosendal er verna etter kulturminnelova. I tillegg ligg området ved Folgefonna nasjonalpark, Muradalen landskapsvernområde og ved verna vassdrag. Området er høgt prioritert nasjonalt.

2.3. Norsk Landbruksmuseum v/Vegard Lie

- Norsk Landbruksmuseum jobbar med å få til eit landbruksnettverk etter modell frå Danmark. Landbruksdepartementet har gitt positive signal.
- Hovudsatsingsområde til museet er landbrukshistorie fram til i dag - dokumentasjon av økologiske, politiske, tekniske endringar. Genbevaring, gamle husdyrrasar – Noreg har internasjonalt ansvar.
- Deltek i mange prosjekt; slakteprosjekt, kjøtgeitprosjekt, gjetarprosjekt. Utfyller andre museum.

- Landbruksnettverket vil dekke meir enn kulturlandskapet, bl.a. teknologihistorie, samtidsprosjekt. Me treng å diskutere grensegangar, samarbeidsspørsmål og landbruksmuseet si rolle i kulturlandskapsnettverket.

2.4. Jærmuseet v/Knut G. Austad

- Hovudsatsingsområde er den maskinelle utviklinga i landbruket.
- Det konsoliderte museet eig mykje kulturlandskap.
- Museet har gode erfaringar med å delta i nettverk for samtidsdokumentasjon.
- Jobbar med å tilbakeføre kulturlandskapet, bl.a. kystlynghei.
- Har laga forvaltningsplanar for lynghei, skog og utmark.
- Forventning til nettverket for kulturlandskap:
 - utvikle formidling gjennom aktivitet, vise prosessar og ikkje bruke midlar til ryddeprosjekt.

2.5. Ryfylkemuseet v/Trygve Brandal

- Har fire autentiske gardstun der husa står på sin opphavlege stad (Hustveit, Kolbeinstveit, Røynevarden og Viga). Fylkesmannen eig garden Hustveit der det er store utfordring å få til skjøtsel og formidling av kulturlandskapet.
- Har frukthistorisk hage som ein jobbar med å gjenskape.
- Ynskjer å utvikle formidlinga knytt til kulturlandskapet.
- Har enno ikkje bestemt oss for å delta i nettverket. Har ansvar for byggnettverket.

2.6. Vadsø museum - Ruija kvenmuseum v/Frøydis Høyland Svisdal

- Har hand om mange anlegg og kulturmark i både innland og kyst, bl.a. viktige kulturminne som ikkje vart øydelagt under siste verdskrig. Ansvarleg for kvenane sin historie og kultur.
- Problemstillingar rundt nasjonalpark, motorferdsel, gamle ferdseveggar m.m.
- Har laga plan for kulturlandskapet.
- Definisjon av kulturlandskap bør vere vid og inkludere det maritime og det samiske.
- Framlegg til definisjon: *Kulturlandskapet er det fysiske og kognitive landskapet.*
- Forventningar til nettverket:
 - Kunnskaps- og idéutveksling
 - Problemløysing.
 - Skjøtsel i Finnmark.
 - Etablere kontaktar og samarbeidsprosjekt.

2.7. Havrátunet v/Kjetil Monstad

- Gjennomgang av historikken til Havrátunet som i 1999 vart freda som kulturmiljø som det første i Noreg.
- Drifta er ressurskrevjande. 2 personar skal drive 8 gardsbruk på gamlemåten utan maskiner. Har vore vanskeleg å skaffe nok driftsressursar. Må nedprioritere formidling. Planlegg visningsbygg.
- Dei eldre tradisjonsbærarane har vore sentrale i kompetanseoppbygginga.
 - Forventningar til nettverket:
 - Få idear til formidling.
 - Vise det offentlege kva utfordringar ein har på området.
 - Få med grunneigarar.
 - Treffe andre og utveksle erfaringar.

2.8. Maihaugen v/Reidar Svegården

- Maihaugen har konstruert kulturlandskap på friluftsmuseet og eigedomar med hageanlegg.
- Driv ein allsidig gard med gamle husdyrrasar, gamle haustingsmåtar, gamle vekstar og gjerdetypar frå tidsepoken rundt 1890. Full gardsdrift med vekt på formidling i juli.
- Har laga landskapsplan i 1995.
- Forventningar til nettverket:
 - Auka kunnskapen om korleis det var før, og korleis ein kan gjenskape landskapet.
 - Overføre kunnskap til yngre generasjonar.
 - Diskutere med andre.

2.9. De naturhistoriske museer og botansk hage, Universitetet i Oslo v/Kristina Bjuerke

- Gjennomgang av avdelingar og organisering av De naturhistoriske museer og botanisk hage.
- Har det største herbariet i Noreg. Mange gamle artar.
- Har hovudansvar for raudelistartane.
- Høg kompetanse i plantesystematikk og insekt.
- Formidling – tematurar med fokus på natur og kultur i Oslofjorden.
- Botanisk hage – gamle artar av hageplanter, ville planter, gamle ugrasplanter m.m.
- Redaksjonsrådet i bladet Memento treng fleire innspel frå musea.

2.10. Nordfjord folkemuseum v/Aslaug Nesje Bjørlo

- Kort presentasjon av museet.

- Har laga ein skjøtselsplan for friluftsmuseet i samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane.
- Stor utfordring å forma tidsrette miljø rundt husa. Ynskjer å omskape plen til kulturmark.
- Arbeider med eit stort vasskraftprosjekt som har aktuelle problemstillingar for nettverket.
- Har etablert ein eplehage i samarbeid med genbanken.
- Har delteke i Kystgeitprosjektet saman med Landbruksmuseet. Prosjektleiari for dokumentasjon og formidling.
- Forventningar til nettverket:
 - Bidra med vår kunnskap og få ny kunnskap.
 - Finne samarbeidspartnarar.

2.11. Toten økomuseum v/Torveig Dahl

- Kort gjennomgang av museet sine mange *in situ* anlegg.
- Har stor kjeldesamling med dokumentasjon av kulturlandskap frå heile landet, flyfoto, foto, intervju.
- Driv vernetiltak, skjøtsel og rettleiing.
- Arbeider med store dokumentasjonsprosjekt. Prøver ut nye metodar.
- Samarbeider tverrfagleg med mange fagmiljø, lag og organisasjonar og forvaltning.

2.12. Romsdalsmuseet v/Bjørn Austigard

- Gjennomgang av Romsdalsmuseet sine eigedomar og avdelingar.
- Driv museumsgard, og skjøtsel av landskapet på eigedomane.
- Fylkesmannen driv skjøtsel av Veøy prestegard.
- Forventningar til nettverket:
 - Gje kunnskap og få kunnskap.

- Usikkert om Romsdalsmuseet vil delta i nettverket.

2.13. Tromsø museum v/Vibekke Vange

- Tromsø museum er eit universitetsmuseum med store samlingar av botanisk materiale, botanisk hage og vekt på forskning.
- Viktig fagfelt: etnobotanikk, kulturlandskap og gjengroingsproblematikk, slåttenger, registrering av kulturlandskap, hageplanter – ville planter.
- Kan bidra med biologisk kunnskap til musea.
- Forventningar til nettverket:
 - Spreie kunnskap til dei som treng det. Ynskjer å vere ressursmuseum.

2.14. Norsk skogmuseum v/Magne Rugsveen

- Har ansvar for skognettverket. Stor utfordring å jobbe i nettverk. Prosjektsamarbeid har vore vellukka.
- Kulturlandskap bør ikkje vere for snevert definert. Jordbrukets kulturlandskap er for snevert og ikkje interessant for Norsk skogmuseum. Ynskjer å ha med skoglandskapet; flatehogst, plantefelt, attgrodde setervollar, kulturminne i skogen, fløterenner. Møtet mellom kultur og natur. Nettverket må definere kva me vil.
- Kunnskap omkring treslag er viktig.
- Skogmuseet har eige arboret.

2.15. Sunnfjord Museum v/Gunnhild Systad

- Kort gjennomgang av historia til Sunnfjord Museum.

- Utfordringar å gjenskape skikkeleg landskap rundt museumsbygningane, og å ta vare på det opprinnelege landskapet der det finst.
- Ynskjer å etablere slåttemark i ved utmarksløa og stølsvoll på stølen på friluftsmuseet.
- Har samarbeid med Mo vidaregåande skule (jordbruksskulen).
- Har ein stor urtehage.
- Korleis lagar ein slitesterkt publikumsareal og tidsrett kulturlandskap?
- Forventningar til nettverket:
 - Vere i kontakt med andre som har same problemstillingane.
 - Bør tenkje på arbeidsdeling i Sogn og Fjordane angående deltaking i nettverket.

2.16. Riksantikvaren v/Ragnhild Hoel

- Det er mange møtepunkt mellom Riksantikvaren og musea sitt arbeid når det gjeld landskapsspørsmål.
- Riksantikvaren og Direktoratet for naturforvaltning har mykje samarbeid med landbruksforvaltninga om deira landskapsverkemiddel. Utfordringar og moglegheiter knytt til desentralisering av desse.
- Ynskjer sterkare samarbeid mellom landbruks-, miljøvern- og kulturdepartementet.
- Viktig å klargjere kva ein vil med kulturlandskapsnettverket.
- Jordbrukets kulturlandskap for snevert definert. Det kan heller ikkje vere for vidt definert, då vil det ikkje fungere. Samanhengen kulturmark – bygningsmiljø viktig.

2.17. Vestfold fylkesmuseum v/Håkon Livland

- Gjennomgang av museet sine eigedomar og kulturlandskap.
- Set kulturlandskapet i eit større perspektiv, eit landskap som viser mennesket sin påverknad.
- Kulturlandskapet er levande og har veksla heile tida. Vestfold fylkesmuseum har delar frå 1700-talet, 1800-talet, 1900-talet, 1950-talet og rundt år 2000.
- Har brukt eldre tradisjonsbærarar.
- Formidlinga bør bli meir realistisk.
- Musea bør vise landskap frå ulike tidsbolkar, t.d. 1930, 1950 osv.

2.18. Norsk folkemuseum v/Kari Bjørg Vold Halvorsen

- Kort gjennomgang av utviklinga av kulturlandskapa på Norsk folkemuseum.
- Tett plassering av bygningane ei stor utfordring.
- Har påbyrja arbeid med skjøtselsplan for kulturlandskapet.
- Har planar om å gjenskape museumsparken omkring Kong Oscar IIs Samlinger (bygd opp 1881-90).
- Overtaking av Bygdøy kongsgård har gitt nye utfordringar og muligheiter, bl.a. 100 mål til utviding av friluftsmuseet, tilgang til sjø.
- Kulturlandskapet bør definerast, og bør omfatte meir enn jordbrukslandskapet.
- Dersom Norsk folkemuseum skal vere med i nettverket er forventningane til nettverket:
 - Få ny kompetanse.
 - Utveksle idear og erfaringar.

2.19. Vest Telemark museum v/Dag Rorgemoen

- Gjennomgang av museet sine eigedomar og varierte kulturlandskap.
- Deler av skogen på museet er verna
- Deltek i EU prosjekt med forskingsinstitusjonar og andre.
- Er usikre på deltaking enno.
- Forventningar til nettverket:
 - Legge vekt på praktiske eksempel der ein kan dra nytte av deltaking.
 - Bygge opp kompetanse i eigen organisasjon.
 - Rådgjevande rolle overfor forvaltninga i vår region.
 - Vere attraktive samarbeidspartnarar for andre institusjonar.
 - Bør kartlegge kunnskap og dokumentasjon. Avdekke ”hol”.
 - Ansvarsdeling - unngå dobbeltarbeid.

2.20. Follo museum v/Stein Barli

- Gjennomgang av museet sine eigedomar og varierte kulturlandskap.
- Samarbeider med Fylkeskommunen om registrering av kulturlandskap i Follo.
- Arbeider med registrering av isdammar i våre kommunar.

2.21. Museet i Nordgudrandsdalen v/Henriette Nilson

- Gjennomgang av museet si organisering (IKS).
- Hovudutfordring til museet er å auka skulebesøka.
- Brukar kulturlandskapet i heile regionen i formidlinga; seterlandskap, vatningsveiter, vasskraft, landbruk,

husmannsplassar, fangstanlegg, krigsminne, skikultur, hytter.

- Regionen har mange typar kulturlandskap.
- Forventningar til nettverket:
 - Få kompetanse.
 - Fagleg fellesskap og kontaktpunkt.

2.22. Kystmuseet i Sogn og Fjordane v/Bjørn Fjellheim

- Kystlandskapet har element knytt til mange ulike former for sjøbruk, t.d. tørrfiskberg, ballastplanter m.m.
- Kystmuseet i Sogn og Fj. Har ansvar for skjøtsel av handels- og gjestgivarstaden Vågsberget frå 1700-talet (inkl. hageanlegg).
- I tillegg er Brendøya med 20 mål lynchhei eit satsingsområde når det gjeld restaurering/etablering av kulturlandskap på museet.

2.23. Otternes Bygdetun v/Laila Kvellestad

- Del av *Aurland natur- og kulturarv*.
- Mat som oppleving er sentralt i formidlinga.
- Målsetjing å utvikle næring av natur og kultur gjennom entreprenørskap, varemerkebygging, nettverksbygging.
- Skal i gang med å lage skjøtelsplan for kulturlandskapet.
- Utvikle bruken av bygdetunet.
- Forventningar til nettverket:
 - Finne nokon å snakke med.
 - Hente kunnskap.

III. Forventningar til nettverket v/Morten Skadsem

Oppsummering av dei deltakande musea sin gjennomgang. Av diskusjonen kan det

sjå ut til at musea arbeider med tre kategoriar kulturlandskap:

1. Autentiske kulturlandskap.
2. Rekonstruerte kulturlandskap.
3. Konstruerte kulturlandskap på friluftsmusea.

De Heiberske Samlinger (DHS) hadde det jordbruksskapte kulturlandskapet som utgangspunkt då dei fekk ansvar for kulturlandskapsnettverket på grunn av kompetansen som finst på DHS og Høgskulen i Sogn og Fjordane (HSF).

Nettverket må ta ein grundig diskusjon på innhaldet i kulturlandskapsomgrepet. Andre typar landskap enn det jordbruksskapte bør trekkjast inn, t.d. det samiske kulturlandskapet, skogkulturlandskapet, kystkulturlandskapet, bykulturlandskapet, det industriskapte kulturlandskapet (gruvedrift m.m.). Visst ikkje jordbrukskulturlandskapet vert utvida, høyrer det saman med eit landbruksnettverk. Definisjonen ”det fysiske og det kognitive landskapet” kan vere eit godt utgangspunkt for definisjon av innhaldet.

FREDAG

IV. Faglege føredrag

4.1. Nye roller for musea v/ professor Ingvild Austad

- Vi vil gjerne arbeide for ei ope tilnærming av kulturlandskapsomgrepet.
- Gjennomgang av viktige forskings- og utviklingsprosjekt ved HSF:
 - Vestlandsgården, sjå vedlegg 2.
 - Kulturlandskap på museum.
 - Lauvenger.
- Nye oppgåver for musea bør vere å ha eit ansvar (formidling/drift) for:

- Eit sett med heilskaplege gardsbruk i regionen (adobsjon).
- Delar av gardsbruk og tekniske strukturar (stølsmiljø).
- Ulike typar av kulturmarker.
- Kartlegge kva som finst i regionen – diskutere tilstand, drift, skjøtsel, suppleringar.

- Store kulturlandskapverdiar er i fare: nedlegging av småskalalandbruket, gjengroing, nedbygging av kompetanse, auka arealgrense for tilskotsmidlar, rask øydelegging av sårbare naturtypar, menneske med kunnskap forsvinn, raudelisteartar forsvinn.
- Musea bør ta ansvar for skjøtsel av verdifulle kulturlandskap som ikkje landbruket, naturforvaltninga, kulturminneforvaltninga eller kommunen klarar.
- Bygge opp kunnskap og eininformasjonsbase gjennom faglege nettverk.
- Naturvernet treng kulturhistorisk kunnskap, og kulturminnevernet treng biologisk kunnskap.
- MÅL: Regionale museum som kunnskapskjernar i eit geografisk område. Få tak i ressursar og sikre kvalitet.

4.2. Kulturlandskapsarbeid på De Heiberske Samlinger – Sogn Folkemuseum v/ Museumsdirektør Aage Engesæter

Gjennomgang av historia til De Heiberske Samlinger og utviklinga av kulturlandskapet på museet, sjå vedlegg 3.

Tett samarbeid med forskingsmiljøet på HSF har vore basis for rolla som ansvarsmuseum for kulturlandskapsnettverket.

Nye utfordringar for museet er:

- Skjøtsel av arva eigedomar med autentisk kulturlandskap.
- Etablering, skjøtsel og vedlikehald av hagar.
- Skjøtsel og vedlikehald av friluftsmuseet.

Skjøtselsplanen til Austad og Aaraas frå 1990 har vore utgangspunktet for arbeidet med kulturlandskapet. Planen vart revidert av Dahle i 2000. Ny plan for småbruket Kirketeigen er utarbeida (Fredriksson 2003).

Museet bør og ta eit ansvar utanfor museumseigedomane. Det er ei viktig samfunnsoppgåve. Det er viktig for musea å vera samfunnsnyttige for å legitimera sin eigen eksistens.

Sjølv om musea har meir enn nok med å skjøtta sine egne område, er det for defensivt å nytta dette som argument for ikkje å vurdera nye arbeidsoppgåver. Nye funksjonar kan gje nye ressursar.

V. Ekskursjon

Det vart arrangert ei vandring på friluftsmuseet. Museumsbonde Elisabeth Dahle gjorde greie for ein del praktiske problemstillingar rundt arbeidet med kulturlandskapskjøtsel på museet.



Etter synfaringa på friluftsmuseet tok me ein kort busstur til småbruket Kirketeigen som vart gitt som testamentarisk gåve til de Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum. Museet tok over drifta i år 2000.



Foto: Leif Hauge

VI. Diskusjon og vidare arbeid

Stikkordmessig oppsummering av innspel frå både innlegg og deltakarar:

GENERELLE INNSPEL:

- Noreg har svært variert kulturlandskap og det er stor kunnskapsmangel på området. Det er få ressursar og store oppgåver.
- Nettverket kan styrke musea gjennom nye samfunnsoppgåver og

auka kunnskap. Styrke musea som kompetansesentra.

- Nettverket bør kunne arbeide med å påverke politisk.
- Nettverket bør ha temasamlingar 2 gonger i året. Praktiske samlingar med fokus på å gjere noko i lag. Ikkje bruke for mykje tid på formalisering.
- Nettverket bør få i gang prosjekt.
- Det bør brukast ein romsleg definisjon av kulturlandskapsomgrepet for å sikre mangfald og for ikkje å ekskludere nokon. Heller inkluderande enn begrensande. Bruke prosjektsamarbeid som utgangspunkt.
- Definisjonen bør ikkje bli altomfattande, jordbrukslandskapet bør vere ein sentral del.
- Definisjonen vil avgjere i kva grad det blir eit samordningsproblem mellom landbruksnettverket og kulturlandskapsnettverket.
- Det bør lagast mindre faggrupper innanfor nettverket med egne samlingar, t.d. museumsbønder.
- Formidling bør vere eit viktig tema.
- Bør synleggjere den delen av arbeidet som får følgjer for landskapet utanfor musea – både konkret landskapsforvaltning og rådgjeving t.d. for bønder som mottek SMIL.
- Dei konsoliderte musea bør vere basis i nettverket i tillegg til Landbruksmuseet og Lyngheisenteret . Desse bør etablere kontakt til kompetansemiljø som bygdetun, forskingsinstitusjonar, forvaltning, lag/organisasjonar der det finst mykje kompetanse.
- Hovudansvarleg bør vere i kontakt med nordiske og internasjonale nettverk.

KONKRETE ARBEIDSOPPGÅVER:

- Nettverket bør fordele arbeidsoppgåver og formidle kunnskap.
- Nettverket bør arbeide med å utvikle forvaltningsmodellar for kulturlandskap.
- Utvikle metodikk for agrarhistoriske undersøkingar.
- Jobbe vidare med etableringsforsøk.
- Arrangere fagkonferansar, kurs.
- Lage seminarrapportar.
- Temaekskursjonar.
- Informasjonsutveksling.
- Det bør lagast nettsider på DHS sine heimesider med link til ABM-utvikling sine sider.
- Nettverket bør lage:
 - Nettverks-CV.
 - Kurs.
 - Dokumentasjonsoversikt over handlingsbåren kunnskap innan kulturlandskapskjøtsel/jordbruk.
 - Prosjekt på dokumentasjon av handlingsbåren kunnskap – filming m.m.
- Nettverket bør kunne låne arbeidsfolk, byte dagsverk.

FORMALISERING:

- Arbeidet med nettverket bør integrerast i leiinga i deltakande museum. Nettverksarbeidet bør ikkje vere for avhengig av einskildpersonar.
- Nettverket bør lage handlingsprogram med målsetjing og gode prosjekt. Handlingsplanen bør ikkje gripe inn i handlingsfridomen til musea.
- Nettverksarbeidet bør innarbeidast i musea sine arbeidsprogram.

- Nettverket bør vurdere å bruke nettverksavtaler slik som andre museumsnettverk.
- Nettverket treng ikkje eige styre.

VIDARE ARBEID

- **Fylgjande arbeidsgruppe vart valt til å arbeide med framlegg til handlingsplan og førebuing til neste møte i september/oktober (slik at ein kan søkje på prosjekt innan fristen 15. nov):**
 - Norsk Landbruksmuseum
 - Vadsø museum - Ruija kvenmuseum
 - DHS – HSF
- **Musea førebur seg til neste møte- bestemmer seg kva dei vil delta med, prosjektidear m.m. Musea sender informasjon og innspel til handlingsplanen til DHS.**
- **Musea bør bestemme seg for deltaking innan neste møte.**

16. juni 2004, LB

VEDLEGG:

- 1: Hauge, L. 2000. Det vestnorske kulturlandskapet. Særtrekk. Problem og utfordringar. I Ådland, E., Austad, I., Indrelid, S.: Det vestnorske kulturlandskapet. Bergen museums skrifter nr. 6, s 5-13. Universitetet i Bergen, Bergen Museum og Høgskulen i Sogn og Fjordane.
- 2: Austad, I. & Øye, I. et. al. 2001. Den tradisjonelle vestlandsgården som kulturbiologisk system. I Skar,

B. (red.): Kulturminner og miljø. Forskning i grenseland mellom natur og kultur, s 135-205. Norsk institutt for kulturminneforskning.

- 3: Aaraas, O. & Austad, I. 1989. De Heiberske Samlinger: Fra museumspark til levende gårdsbruk. I Koren, E. (red.): Jord og Gjærning. Årbok 1989: 35-43. Norsk landbruksmuseum.